

KVITSEID KOMMUNE

LANDBRUKSPLAN

2005 – 2008



Godkjent av kommunestyret 16.06.05

Innhald

1. INNLEIING, BAKGRUNN OG ORGANISERING	
1.1. Innleiing	2
1.2. Bakgrunn og heimel for planarbeidet	2
1.3. Organisering av planarbeidet	2
2. STATUS FOR LANDBRUKET I KVITeseid	
2.1. Kviteseid kommune	3
2.2. Landbrukseigedommar	3
2.3. Kulturlandskap og miljø	3
2.3.1. Jordbruket og jordbruksarealet i Kviteseid	4
2.3.2. Driftseiningar	5
2.3.3. Husdyrproduksjon	5
2.3.4. Hagebruk	6
2.4. Skogbruket	6
2.4.1. Skogtilstanden	6
2.4.2. Avverking	6
2.4.3. Skogkulturarbeid og tilskot	8
2.4.4. Områdetakst og miljøregistreringar	8
2.4.5. Lokal foredling	8
2.5. Utmarksutnytting	9
2.5.1. Beiting	9
2.5.2. Jakt	9
2.5.3. Fiske	9
2.6. Tilleggsnæringar	10
2.6.1. Hyttebygging	10
2.6.2. Gardsturisme, hytteutleige og camping	10
2.6.3. Reiseliv	10
2.6.4. Grøn omsorg – Inn på tunet-tilbod	11
2.7. Verdiskaping i landbruket i Kviteseid	11
3. VERKEMIDDEL FOR LOKAL LANDBRUKSPOLITIKK	
3.1. Økonomiske	13
3.2. Juridiske	14
3.3. Andre verkemiddel	15
4. STRATEGIAR OG TILTAK FOR LANDBRUKET	
4.1. Hovudmål	16
4.2. Delmål/strategiar	16
4.3. Handlingsplan (tiltak) 2005	21

1. INNLEIING, BAKGRUNN OG ORGANISERING

1.1 Innleiing.

Kommunen er landbruksmyndigheit og har ansvaret for å ivareta landbrukets samla interesser. Med utgangspunkt i nasjonale mål er det viktig at kommunen formulerar eigne mål for korleis landbruket skal utviklast vidare, arealressursane bør forvaltast, arbeidsplassar skapast og lovverket forvaltast. Frå og med 1. januar 2004 har kommunane fått vedtaksmynde i alle saker etter konsesjonslova, jordlova, skoglova og odelslova som krev lokalpolitisk skjønn pluss at kommunen har fått råderetten til økonomiske fagmidlar til nærings- og miljøtiltak i skogbruk og jordbruk. Alt dette gjer det viktig at kommunane har ei målsetjing for dei lokale verkemidlane i landbruket.

1.2 Bakgrunn og heimel for planarbeidet

Kommunane blir nå ein mykje sterkare landbrukspolitisk aktør, og landbruks- og matdepartementet (LMD) oppmodar kommunane til å utarbeide landbruksplan. LP skal sjåast i samheng med dei kommunale planprosessar etter plan- og bygningslova. LMD tilrår at planen gjev status som sektorplan. LP har vore sendt på høyring og skal sluttgodkjennast i kommunestyret etter handsaminga i SSU.

På bakgrunn av tilrådinga frå departementet har Fylkesmannen arbeidd sterkt for at alle kommunane i Telemark skal utarbeide landbruksplan. Nokre kommunar reviderer sine planar medan Kviteseid utarbeider landbruksplan for første gong. Kommunen har motteke eit tilskot frå Fylkesmannen på kr 25.000 for å dekke ekstrakostnadene med planarbeidet og trykking pluss at dei har stilt ein støtteperson til rådvelde for å hjelpe kommunen å kome i gang med prosessen.

Det formelle vedtaket for oppstart av planarbeidet er sak nr 10/2004 i møte 05.02.04 i Styret for service og utvikling (SSU).

1.3 Organisering av planarbeidet

Planen er utarbeida av landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal ved Halvor Fjone, Torunn Raftevoll Rue og Magne Skarprud.

Det har vore ei styringsgruppe som har bestått av Hans Øy (Kviteseid Skogeigarlag), Aud Turid Fjågesund, Eilev Omland (Morgedal Bondelag), Anne Birgit Sollid og Torjus S. Moen. Gruppa har hatt tre møte.

Våren 2005 vart det halde tre grendemøte; i Fjågesund, i Kviteseid og i Morgedal. Det var ulike tema på kvart møte.

Planen blir lagt fram som ein sektorplan. I handlingsdelen vert det lagt størst vekt på definisjon av hovudmål, delmål og strategiar knytt til kvart delmål. Planen legg til rette for at det kan utarbeidast ein konkret handlingsplan med tiltak for kvart år. Planen inneheld fire konkrete tiltak for 2005 innanfor jordbruk, skogbruk og utmark.

2. STATUS FOR LANDBRUKET I KVITSEID

2.1 Kviteseid kommune.

Kviteseid kommune har eit samla areal på 708 900 daa. Av dette er ca 11 000 daa jordbruksareal, ca 503 000 daa skogareal av dette er ca 252.000 daa produktivt, ca 113 000 daa myr og fjell og 81 800 daa av arealet i kommunen er ferskvatn.

2.2 Landbrukseigedomar.

I fylgje landbruksregisteret er det 504 landbrukseigedomar i kommunen. Av desse er det 402 eigedomar som har over 5 daa jordbruksareal. Hovudmengda av landbrukseigedommane har under 50 daa jordbruksareal.

Tab.1: Fordeling etter storleiken på jordbruksarealet i 2003.

5-19 daa	20-49 daa	50-99 daa	100-199 daa	200-299 daa
161	169	57	13	2

Kjelde: Statens landbruksforvaltning.

2.3 Kulturlandskap / miljø.

I kommunen er det fire område som er definert som verdifulle kulturlandskapsområde. Det er Håtveitgrendi – Bjålandsgrendi i Morgedal, Moen / Landsverk i Dalane, Kviteseid gard / gml kyrkje i Kviteseid og øy- og sluselandskapet i Vrådal. Dette er område som har bevart det tradisjonelle, eller at landskapet er spesielt både når det gjeld kulturhistoriske og biologiske verdiar. Desse områda er også prioritert i forhold til § 6 i Regionalt miljøprogram (RMP) for Telemark. RMP vert innført frå søknadsomgangen for produksjonstilskot 20.08.2005.

Det er eit verna område i kommunen, Brokefjell naturreservat. Området er verna for å bevare eit barskogområde med lang skogkontinuitet. Brokefjell naturreservat er på totalt 10 910 daa. Ca 1/6 av arealet ligg i Kviteseid kommune.

Området mellom Seljordsvatnet og Flåvatn ligg i *Verneplan for verna vassdrag*. Området er verna mot kraftutbygging og utbygging som endrar landskapsbildet.


I 2003 blei det sett i gang arbeid med naturtypekartlegging i kommunen. Det er spesielt lagt vekt på å kartlegge naturtypar på rasmark, myr, våtmark og kulturmark. Arbeidet vart gjort ferdig og avslutta våren 2004. Kartlegginga vart utført av Erik Edvardsen, Skien.

2.3.1 Jordbruket og jordbruksarealet i Kviteseid

Figur 1 og tabell 2 nedanfor er henta frå jordbruksteljinga (1989 og -99) og Statens Landbruksforvaltning: Produksjonstilskot i jordbruket.

Jordbruksareal som det ikkje vert søkt tilskot for, er ikkje med i tala. Areal utanfor kommunen som blir søkt på i Kviteseid, er med. Figuren og tabellen viser ikkje eit eksakt tal på daa jordbruksareal, men syner ei utvikling over tid.

Stadig meir av det fulldyrka arealet blir brukt til eng/beite og mindre til åker-/hagevekstar. Arealet som blir brukt til korn har vore stabilt. Dei siste åra har ein også tatt i bruk meir av dei attgrodde areala til beite.



Figur 1: Jordbruksareal i Kviteseid

Tabell 2 viser jordbruksareal som det vert søkt tilskot på i Kviteseid. Av arealet på 1848 daa med korn ligg 467 daa utanfor kommunen og av arealet på 7295 daa med eng er det ca 300 daa som ligg i andre kommunar.


Tabell 2: Fordeling av jordbruksareal

	1989	1999	2001	2002	2003
Anna areal (åker – hageareal) daa	540	76	59	59	51
Fulldyrka eng daa	6174	6333	7083	7223	7295
Korn / oljevekster daa	1824	1749	1914	1890	1848
Overflate dyrka/innmarksbeite daa	584	892	1051	1263	1348
Sum jordbruksareal i drift	9122	9050	10107	10435	10542

Kjelde: Jordbruksteljingane og Statens Landbruksforvaltning, produksjonstilskot jordbruket.

2.3.2 Driftseiningar

Talet på driftseiningar går ned samtidig som driftseiningane blir større. Jordbruksteljinga frå 1999 viser at over 4000 daa var leigd jord. Utviklinga har fortsett fram til 2003 ved at det blir færre og større driftseiningar og behovet for leigejord aukar. Talet på bruk med sau har gått ned frå 43 til 30, bruk med mjølkekyr har gått ned frå 20 til 16, og bruk med avlspurker har gått ned frå 12 til 2 i perioden 1989 til 01.01.2003.



Figur 2: Driftseiningar

2.3.3 Husdyrproduksjon

Den 1.januar 2003 var det 16 bruk med mjølkeproduksjon, og dei hadde til saman 151 mjølkekyr. I løpet av 2003 har tal mjølkebruk gått ned til 15, men tal mjølkekyr er omtrent det same.

Talet på storfe og sau har auka dei siste åra, og i delar av kommunen er det mangel på fulldyrka jord til slått. Behovet for beite aukar, og dette fører til at meir av det attgrodde jordbruksarealet blir teke i bruk.

Av andre husdyrproduksjonar i kommunen er det i dag (2005): 3 besetningar med verpehøner, 2 besetningar med avlsgris, 7 bruk med slaktegris og 1 som driv med lama. Levering av slaktegris ligg på ca 1700 gris pr år.

Tabell 3: Tal husdyr i Kviteseid i perioden 1989 til 2003

	1989	1995	1999	2001	2002	2003
Mjølkekyr	128	138	140	158	161	151
Storfe	204	306	416	375	399	402
Ammekyr		18	44	77	91	76
V.f. sau	1 400	1 632	1 655	1 867	2 088	2 038
Avlsgris	155	110	84	50	46	33
Slaktegris		2 274	1 649	1 318	1 374	1 701
Høner	7 194	6 094	10 702	10 652	10 630	10 488


2.3.4 Hagebruk

Delar av kommunen er godt eigna til frukt og bær. I kommunen er ca 35 daa av jordbruksarealet brukt til produksjon av eple og 12 daa grønsaker og jordeple.


2.4 Skogbruket

2.4.1 Skogtilstanden

Av det samla produktive skogarealet på 252.820 daa etter siste områdetakst er 215.718 daa vurdert som drivverdig. Gran er det dominerande treslaget og utgjer ca 70 % av omsett kvantum for sal og 66% av ståande volum. Furu utgjer ca 24 % av ståande volum. Lauvvirke blir stort sett omsett til ved og utgjer lite i verdi i forhold til gran og furu. Det er viktig å merke seg at det er ein høg andel gammalskog og for lite skog i h.kl. 3 og 4.




Figur 3: Treslagsfordeling, prosent



Figur 4: Hogstklassefordeling, prosent


2.4.2 Avverking

I Kviteseid vart det avverka 38.185 m³ i 2003 til ein bruttoverdi på kr 11.168.000,-. I 2004 vart det til samanlikning avverka 45.116 m³ til ein bruttoverdi av kr. 13.385.000. Pr 01.01.2004 var det over 4.1 millionar kr på skogavgiftskonto i Kviteseid. Behaldninga av skogavgift har minka svakt med ein liten oppgang i 2004. I høve til siste 10-års periode er tendensen lågare årleg avverking i kommunen.




Figur 5: Avverking for sal i Kviteeid 2000-2004, m³

Hovudmengda av utbetalt skogavgift vert nytta til skogkultur og vegar slik figur 6 viser. Utbetaling av skogavgift til dekking av skogbruksplanlegging hadde ein ekstra topp i 2000 og 2001 då områdetaksten for Kviteeid var ferdig. Det står for mykje skogavgift inne i høve til investeringsbehovet.




Figur 6: Formål bruk av skogavgift 2004, 1000 kroner



Figur 7: Innestående skogavgift pr. 31.12., 1000 kroner

2.4.3 Skogkulturarbeid og tilskot



Figur 8: Areal etterarbeid/markberedning 2000-2004, daa

I 2003 var det ikkje statstilskot på planting og skogkultur. Dette førte til dramatisk nedgang i aktiviteten på etterarbeid i form av rydding og avstandsregulering. I 2004 vart det etablert kommunale fagmidlar til skogbruk som medførte ein ny auke i aktiviteten. Omfanget av markberedning har auka dei siste åra medan plantetalet har gått ned. Markberedning vert støtta med tilskot av økonomiske fagmidlar med 40% tilskot frå og med 2004, og siktemålet er å betre kvaliteten på naturleg forynging. Rydding og avstandsregulering får også tilskot, men det er ikkje høve til å yte tilskot til planting.

2.4.4 Områdetakst og miljøregistreringar

Det blei i 2001 utarbeida nye bestandsplanar (driftsplanar) for heile kommunen. Det skal gjennomførast MIS registreringar (miljøregistreringar i skogbruket) i løpet av 2005 og 2006 med levering av ferdige registreringar til skogeigar i 2007. Det vert gjort avtale med takstselskapet Prevista i mai 2005. Miljøregistreringane er ein del av sertifiseringsordninga som skogeigarsamvirket gjennomfører, og eit slikt dokument (miljøplan) vert etter kvart eit vilkår for å omsetje tømmer. Det vert ytt tilskot frå økonomiske fagmidlar på 60 % av kostnaden. Dette tilskotsbeløpet vert disponert av Fylkesmannen og ikkje kommunen.

2.4.5 Lokal foredling

Det er fleire verksemdar som arbeider med foredling av trevirke i kommunen. Ikkje alt virke vert henta frå lokal avverking i Kviteseid, men verksemdene er viktig for å halde opp lokal avsetnad på tømmer i Vest-Telemark. Dette gjeld:

- laftebedrifter
- lokale gardssager
- trevarefabrikkar
- husflid med basis i trevirke

2.5 Utmarksutnytting

Ressursane i utmark er stort sett knytt til jakt, fiske, friluftsliv og beite. Kviteseid kommune har gode ressursar av vilt, fisk og utmark med variasjonar som kan gje fine naturopplevingar. Idrettslaga i Kviteseid og Morgedal har rydda og merka fleire turløyper i Kviteseid, Morgedal og Brunkeberg. I samband med dette har idrettslaga gitt ut ei bok der turane er forklara. Både geologi, botanikk og kulturminna ein kan oppleve på turane er tekne med her.

Vrådal Turistservice AS har i samarbeid med grunneigarar rydda og merka fleire turløyper i Vrådal. Dei har laga kart over turane og sett opp plakatar ute i terrenget slik at ein kan få informasjon undervegs.

2.5.1 Beite

Frå Kviteseid blir det sleppt ca 5500 sauer og lam på utmarksbeite. Omlag 2500 av dei går på utmarksbeite i kommunen, resten ca 2000 blir sleppt på beite i nabokommunane Vinje, Tokke og Seljord. Av storfe er det ca 250 dyr som beiter i utmarka. Gaupa er eit problem for sau på utmarksbeite og fører til store tap kvart år.

2.5.2 Jakt

Elg er den viltarten som i dag har størst økonomisk verdi. Fram til 1999 var uttaket av elg mindre enn tilveksten og bestanden blei for stor. Eit høgt uttak dei siste åra har redusert bestanden ned mot eit nivå som er i balanse med beitetilgangen.

Bestanden av hjort har auka og hjorten finst i dag over heile kommunen. Her er det potensiale til å auke uttaket.

Våmur – Roane villreinområde ligg i Kviteseid, Nissedal og Fyresdal og er på 406.000 daa. Vel 40.000 daa ligg i Kviteseid kommune. Området har ein bestand på 100-150 dyr og er eit av dei minste villreinområda i landet.

Delar av kommunen har tette bestandar av rådyr. Gaupa tek ein god del og gjer til at bestanden varierer frå år til år. Dette gjer til at utleigeverdien av rådyrjakta blir sterkt redusert. I 2003 blei det felt 354 elg med ein kjøttverdi på over 2 millionar kr. I tillegg kjem verdien av hjort, rein, rådyr, småvilt og verdien av jaktopplevinga.

Tabell 4: Felt hjortevilt i perioden 1985 – 2003

	Felt hjortevilt					
	1985	1995	1999	2001	2002	2003
Elg	142	195	297	312	309	354
Hjort	3	7	12	8	8	15
Rein	-	0	0	0	0	1
Rådyr	30	46	21	31	32	29

Frå og med 2001 har fellingsavgiftene for elg og hjort samt inntektene frå fallvilt gått inn i eit kommunalt viltfond. Inntekter til fondet frå fellingsavgifta har vore vel 100.000,- kr pr år. Fondet blir brukt til dekke utgiftene kommunen har til handtering av fallvilt, viltstellstiltak og til kurs / informasjon for grunneigarane. Pr 1.1.2005 sto det kr 196.000 på fondet.

2.5.3 Fiske

Ferskvatn i kommunen utgjer 81 800 daa. Kommunen har to store vassdrag, Telemarkvassdraget (Kviteseidvatn – Bandak) og Arendalsvassdraget (Vråvatn – Nisser). I tillegg er det over 700 små og mellomstore ferskvatn. Vrådal Fiskelag, Vrådal Sportsfiskarlag og Kviteseid Jeger- og Fiskerforening kultiverer fleire av vatna og organiserer sal av fiskekort.

I Flåvatn er det sett i gang forsøk med næringsfiske ved hjelp av storruser.

2.6 Tilleggsnæringar

Kommunen hadde i 2001-2003 saman med Seljord og Hjartdal eit mobiliseringsprosjekt for småskalaproduksjon med vekt på lokal foredling av mat. Skreppa AS i Morgedal deltok på dette, og dei har halde fram med produksjon av flatbrød i tillegg til drifta av kaféen på Norsk Skieventyr. Skreppa AS fekk BU-prisen for 2002 i Telemark. Ei anna viktig bedrift i Morgedal er Tradisjonsbygg AS som driv med lafting og restaurering. Tradisjonsbygg AS fekk BU-prisen for 2000 i Telemark.

2.6.1 Hytteutbygging

Vrådal er den delen av kommunen som har satsa mest på reiseliv og hytteutbygging. I Kviteseid kommune blei det i perioden 1999 til 2003 bygd i gjennomsnitt 28 hytter pr år. Pr 01.01.2004 var det registrert 555 fritidsbygg i kommunen.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


2.6.2 Gardsturisme, hytteutleige og camping

Det er få som driv gardsturisme, men interessa er aukande. I Vrådalen er det størst aktivitet på hytteutleige, og det har etterkvart blitt ei viktig tilleggsnæring for mange som har gardsbruk. Marknaden for andre tenester som ein kan tilby hyttefolket er aukande. Andre stader i landet er det oppretta såkalla bygdeservice. Det kan tenkjast at slike tenester kan auke sysselsetting og inntekta for gardsbruka i Vrådalen.

I Kviteseid kommune er det 7 campingplassar, og dei fleste er knytt til gardsbruk.

2.6.3 Reiseliv

Figur 9 syner at reiselivet som arbeidsplass er svært viktig for Kviteseid kommune. Variasjonen er stor innan reiselivet i Kviteseid. Overnattingseiningane spenner frå enkelthytter, hytteparkar og campingplassar til dei store hotella i kommunen.



Figur 9: Prosent sysselsette i hotell- og restaurantdrift som del av samla tal arbeidstakarar i kommunane i Telemark, 2002, i samanlikning med gjennomsnitt for landet. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Reiselivsnæringa og landbruksnæringa er avhengige av kvarandre.

Opplevingar knytt til landbruket kan vere mat og dyr, natur og kulturlandskap, forteljar- og handverkstradisjonar, bygningar og kulturminne. I kombinasjon eller åleine kan desse utgjere lønnsame tilbod i reiselivsmarknaden. Dette er utfordringar som reiselivsnæringa og landbruksnæringa kan samarbeide om, og kvalitet og lønnsemd er avgjerande.

2.6.4 Tenesteytande næringar: Grøn omsorg – Inn på tunet-tilbod

Interessa er aukande, og det er eitt tilbod pr dags dato i Kviteseid kommune. Det nasjonale målet for denne tenesteproduksjonen er auka lønnsemd og fleire tilbydarar av omsorgstenester med basis i landbruket sine ressursar og verdiar.

Landbrukskontoret bør ha som målsetjing å kartleggje behovet hos institusjonar som finst i nærområdet til landbruket i Kviteseid.

2.7 Verdiskaping i landbruket i Kviteseid

Verdiskapinga i primærnæringane i Kviteseid er av stor verdi. Tala viser likevel ikkje alt, men dei gjenspeglar nokolunde nivået. I tillegg kjem verdiar som i landbruket er knytt til turisme, jakt, fiske og andre verdiar i utmark. Desse verdiane er vanskelege å finne eksakte tal for. Ringverknader som landbruket gjev er heller ikkje teke med. Desse er store og kan knytast til transport, tømmerforedling, handel mm.

Tabell 6: Verdiskaping i landbruket i Kviteseid i 2003

Produkt	Tal	Verdi
Mjølke	738 000 liter	kr 2 612 000
Storfe (kjøttsamvirket + private slakteri)	57538 kg	kr 2 014 000
Gris	118298 kg	kr 2 484 000
Sau og lam (kjøttamv. + priv. slakteri)	60918 kg	kr 2 438 000
Hest	401 kg	kr 10 000
Egg	203500 kg	kr 2 176 000
Ull	10561 kg	Kr 359 000
Frukt (eple) *	14000 kg	Kr 140 000
Tømmer	38185 m ³	kr 11 168 000
SUM verdi produkt		kr 23 401 000

Kjelde: Tine, Gilde, Fatland, Prior, Norilja, AT-skog. * Tala er for 2004

Tabell 7: Tilskot i landbruket i Kviteseid i 2003

Tilskot 2003	Tal søknader	Sum
Produksjonstilskot, husdyr	58	Kr 3 184 507
Areal- og kulturlandskapstilskot	89	Kr 4 575 253
Skogbruk		Kr 554 000
SUM verdi tilskot		Kr 8 313 760

Kjelde: Statens landbruksforvaltning og FMLA

Samla verdiskaping og tilskot til landbruket i Kviteseid i 2003 utgjer **ca kr 31.714.760.**
I tillegg kjem andre tilskot som t.d. BU-tilskot og andre.

Tabell 8: Andre tilskot innan landbruket, utbetalt i kroner pr år

	1999	2000	2001	2002	2003
BU-tilskot	377 400	1 110 000	1 435 000	642 000	757 000
STILK (kulturlandskap)	105 600	298 975	206 900	366 125	513 000
Avløysartilskot	1 200 000	1 216 000	1 248 753	1 200 687	1 343 856

Kjelde: Innovasjon Norge, FMLA og Statens landbruksforvaltning

3. VERKEMIDDEL

3.1 Økonomiske verkemiddel

Produksjonstilskot

Produksjonstilskot (PT) i jordbruket blir bestemt gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane. Formålet med PT er å medverke til eit aktivt og berekraftig jordbruk innanfor målsetjingane som Stortinget set. Som PT reknar ein tilskot til jordbruksareal, grønt- og potetproduksjon og husdyrhald etter satsar, soner, definisjonar m.m. fastsett i eller i medhald av jordbruksoppgjeret.

Bygdeutviklingstilskot (BU)

Formålet med BU-midlane er å leggje til rette for næringsutvikling som dannar grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetjing med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedomen spesielt. BU-midlane er det viktigaste økonomiske verkemiddelet til Landbruks- og matdepartementet for å nå målet om næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Fylkesmannen har ansvaret for å fordele dei regionale BU-midlane internt i fylket. Fylkesmannen skal fordele midlane til bedriftsretta tiltak vidare til Innovasjon Norge i fylket. Kviteseid ser det som eit stort problem at retningslinjene for bruk av midlane utelukkar små og mellomstore bruk. Det bør utformast ein strategi i planen når det gjeld utspel for å endre på dette.

Tilskot til miljøtiltak i landbruket og nærings- miljøtiltak i skogbruket.

Midlane blir overført frå Fylkesmannen, og kommunen får ein sum kvart år. Formålet er å fremme natur – og kulturminneverdiane i jordbruket, redusere forureining frå jordbruket og støtte nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Ordninga er ny og innført frå og med 2004. Prioritering av bruken blir gjort i samråd med faglagane, og politikarane vedtek budsjett etter desse prioriteringane kvart år.

Rentemidlar

Inntektene kjem frå renter på skogavgift. Rentemidlane kan brukast til innkjøp av informasjonsutstyr og informasjonsmateriell og til dekning av fellesutgifter i forbindelse med skogfaglig informasjon og opplæring m.v. overfor skogeigarar, 4H, skular, spesielle grupper og andre.

Det kan gjevast tilskot av rentemidlar til ulike organisasjonar og institusjonar som arbeider aktivt for å fremme interessa for eller utviklinga av skogbruket.

Rentemidlane kan brukast til heil eller delvis dekning av felleskostnadene ved områdevis takstar eller områdevis skogbruksplanaksjonar. Rentemidlar kan brukast til kjøp av mindre kostbart teknisk utstyr til bruk under skogkulturarbeid, når dette skjer i forbindelse med opplæring og spesielle sysselsettingstiltak, eller for å introdusere nytt teknisk utstyr som kan brukast av fleire skogeigarar.

Bruk av kommunalt viltfond

Formålet med fondet er å fremme viltforvaltninga i kommunen, styrke kunnskapen om viltet og førebyggje tiltak mot hjorteviltskader. Inntekter til fondet kjem frå fellingsavgifter og ved sal av fallvilt.

Tilskot frå kommunalt næringsfond

(Formålsparagrafen til fondet)

Fondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsformål. Fondet kan og nyttast til næringsretta kommunale tiltak.

Prosjekt som bidreg til sysselsetjing av kvinner og ungdom bør ha høg prioritet.

Det kan ikkje gjevast støtte til sanering av gjeld eller til løpande drift av bedrifter og kommunen. Det bør heller ikkje gjevast støtte til verksemder som mottar betydelige overføringar over statsbudsjettet. (§2 vedtekter for Kviteseid kommune sitt næringsfond)

3.2 Juridiske verkemiddel

Jordlova

Det står i formålsparagrafen at denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Når det gjeld landbruksplanen er det viktigaste at jordlova er heimelen for delegeringa av vedtaksmynde til kommunane når det gjeld deling og omdisponering. Viktige omsyn er busetnad og driftsmessige gode løysingar som mange gonger kan dra i ulike retningar når det gjeld spørsmål om deling av landbrukseigedom. Planen bør innehalde lokale føringar i tillegg til jordlova og forskrifter knytt til denne.

Skoglova

Det er vedteke revidert skoglov i 2005. Denne lova har til føremål å fremme skogproduksjon, skogreising og skogvern. Det skal takast sikte på at skogbruket gjennom rasjonell skjøtsel kan gje eit tilfredsstillande resultat for næringsutøvarar og sikre effektiv og stabil råstofftilførsel til industrien. Vidare skal det leggjast vekt på skogens betyding som rekreasjonskjelde for befolkninga, som viktig del av landskapsbildet, som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske.

Det er viktig å merke seg at kommunen har mynde til å gjere alle vedtak etter skoglova bortsett frå fastsetjing av verneskoggrensar. Det er heimel i den nye skoglova for at det kan utarbeidast miljøforskrift for skogbruket. Dette får stor verknad for kommunen som skogoppsyn.

Konsesjonslova

Lova har til føremål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket og eit eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Det er konsesjonslova som er heimelen for å setje bu- og driveplikt som vilkår ved kjøp av konsesjonspliktig landbrukseigedom (overdraging utanom familie). Konsesjonslova er også eit viktig verkemiddel når det gjeld strukturtilhøve i landbruket som f. eks. konsesjon for kjøp av tilleggsareal og vilkår knytt til slike overdragingar. Landbruksplanen bør ha føringar når busetjing er viktig og garden bør halde fram å vere ei driftseining og når samanslåing av einingar kan vere det beste tiltaket i den lokale landbrukspolitikken.

Odelslova

Den som elles tek over eigedom som han har odelsrett til har plikt til å busetje seg på eigedomen innan 1 år og bu på og drive den i 5 år.

Den som tek over eigedom ved odelsløyning, har plikt til å busetje seg på eigedomen innan 1 år og bu der og drive den i 10 år.

3.3 Andre verkemiddel

Landbrukskontoret

For å gjennomføre og administrere ein lokal landbrukspolitikk er det viktig med ein landbruksadministrasjon med lokal tilknytning og tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Den auka myndigheita ein har fått med dei juridiske verkemidlane medfører at vedtaket i førsteinstans får større vekt. Konsekvensane ved feil lovbruk kan bli store.

Handsaming av dei økonomiske verkemidla på lokalt nivå vil også medføre auka bruk av lokale ressursar for ei forsvarleg forvaltning. Landbrukskontoret er ein av dei viktigaste aktørane når det gjeld næringsutvikling rundt tilleggsnæringar og tradisjonelt landbruk.

Næringsorganisasjonane

For å få gjennomslag for satsingane i landbruksplanen må ein i tillegg til den enkelte næringsutøvar og landbrukskontoret ha eit godt samarbeid med dei lokale næringsorganisasjonane og andre lokale lag og foreiningar. Landbruksplanen er ikkje primært ein plan for landbrukskontoret, men skal gje føringar for sams satsingar for bygdemiljøet der alle partar deltek.

Landbruksvikar

Det er ikkje tilsett landbruksvikar i kommunen, stillinga er vakant.

4. STRATEGIAR OG TILTAK FOR LANDBRUKET

4.1 Hovudmål

Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.

Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.

Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

4.2 Delmål og strategiar

Delmål 1:

<i>Sikre at jordbruksareala og dei mest produktive skogbruksareala også i framtida vil vera landbruksareal.</i>

Kommunen må gjennomføre ein arealforvaltning som tek vare på jordbruksareala for framtidig produksjon av mat. Det er viktig å ta vare på den dyrka jorda for å sikre arbeidsplassane i landbruket, og for å kunne produsere landbruksvarer også i framtida. Kommunen må ha eit overordna mål om at jordbruksareala og dei mest produktive skogbruksareala også i framtida skal vera landbruksareal.

Strategiar:

- 1.1 Kviteseid kommune skal bruke lovverket aktivt for å styrke og utvikle landbruksnæringa.
- 1.2 Kommunen saman med landbruksorganisasjonane skal arbeide for at jordbruksareala og dei mest produktive skogbruksareala blir tekne vare på og blir haldne i hevd.
- 1.3 Kommunen skal ha som mål at dei gode landbruksareala ikkje blir nedbygt, men at utbygginga skjer på areal som har mindre verdi for landbruket.
- 1.4 Landbruket sitt behov for areal må vera med i vurderinga i arbeidet med kommuneplan.
- 1.5 Ved omdisponering av skogmark på høg bonitet til hyttebygging bør det vere krav til konsentrert utbygging.
- 1.6 Ved å ta vare på viktige område som landbruksareal forutset kommunen ein utvida definisjon av landbruk som omfattar alle naturbaserte varer og tenester.

Delmål 2:

Ta vare på kulturlandskapet og kulturminne.

Kulturlandskapet er eit resultat av landbruksdrifta gjennom generasjonar. Ved å ta vare på kulturlandskapet vil ein også ta vare på biotopar som er viktige for mange planter og dyr. Kulturlandskapet har også kulturhistoriske verdiar som er viktige for bygdefolk, turistar og friluftslivet. Eit kulturlandskap i aktivt bruk med busetnad er viktig for å vidareutvikle Kviteseid som reiselivskommune. Freda og verneverdige bygningar er også ein del av kulturminna.

Strategiar:

- 2.1 Kommunen skal informere om tilskotsordningar og søknadsfristar.
- 2.2 Kommunen saman med faglaga skal kvart år laga ei prioritering over bruken av økonomiske fagmidlar i landbruket.
- 2.3 Dei som brukar kulturmarka til beite anten med eigne dyr eller gjennom langsiktige leigeavtaler med andre, prioriterast ved tildeling av SMIL-midlane.
- 2.4 Kulturlandskap som har spesiell verdi anten det er spesielle biotopar, eller det har spesiell kulturhistorisk verdi skal prioriterast.
- 2.5 Beitedyr er det viktigaste tiltaket for å oppretthalde kulturlandskapet. Rovdyrsituasjonen (gaupa spesielt) er det største trugsmålet. Rovdyrbestandane må avgrensast.
- 2.6 Bruk under 50 daa dyrka jord er viktige for det samla kulturlandskapet og bør ikkje utelukkast frå tildeling av kommunale fagmidlar og andre tilskot (BU-midlar m.m.)

Delmål 3:

Oppretthalde eller auke den samla verdiskapinga i landbruket.

Dei sentrale rammene for jordbruket endrar seg heile tida. Talet på aktive jordbrukarar minkar medan talet på husdyr og jordbruksareal i drift held seg stabilt. Det eksisterande jordbruket må takast vare og utviklast slik at ein også i framtida har aktive bønder i kommunen.

Strategiar:

- 3.1 Kommunen skal informere om alle økonomiske tilskotsordningar og søknadsfristar.
- 3.2 Samarbeide med næringsorganisasjonane og fagmiljøa.
- 3.3 Kommunen yter tilskot frå næringsfondet til kjøp av mjølkekvoter, til fornying av driftsbygningar og til næringsprosjekt innan jordbruk, skogbruk eller utmark.
- 3.4 Stimulere / legge til rette for samarbeidsløysningar.

- 3.5 Stimulere til hagebruksproduksjonar.
- 3.6 Kommunen skal vere positiv til ein utvida definisjon av landbruk og bruk av areala dersom det kan medverke til auka verdiskaping.
- 3.7 Haldningsskapande arbeid blant barn og unge er viktige i denne samanheng. Her kan entreprenørskap vera ein metode. Kviteseid kommune vil arbeide for at det vert laga samarbeidsavtaler mellom barn , unge i barnehage, skule og bønder, bygdekvinnelag, jeger- og fiskeforening mv.
- 3.8 Kviteseid kommune skal arbeide aktivt for å endre strategiane for bruk av BU-midlane i Telemark som utelukkar små og mellomstore bruk.

Delmål 4:

Oppretthalde busetjing i kommunen.

Landbruket har vore og er av stor betydning for busetjing i kommunen. For å halde landbruksareala i hevd, og for å ha eit levande bygdesamfunn, er det ei målsetjing at eigar bur på egedomen. Dersom eigar ikkje sjølv driv jorda, bør kommunen prøve å få til langsiktig leigeavtaler mellom eigar og aktive jordbrukarar.

Strategiar:

- 4.1 Kommunen skal sende ut informasjon til nye eigarar om tilskotsordningar, samarbeidsorganisasjonar og kven som gjer kva i kommunen.
- 4.2 Kommunen skal ha ei restriktiv haldning knytt til buplikt. Dersom ein person eig fleire landbrukseigedommar i kommunen, vil buplikta vera oppfylt ved at vedkommande bur på ein av dei. Frådeling av tun ved sal av tilleggsjord bør godtakast.
- 4.3 For å få utsetjing på buplikta skal det vera tungtvegande grunnar som gjer at det vil vera urimeleg for søkjar å måtte flytte til bruket innan fristen. Søkjar må legge fram ein plan når han kan busetje seg på bruket for å få utsetjing.
- 4.4 Driveplikta kan bli oppfylt ved at jorda blir leigd bort. Avtala skal vera skriftleg og bør vera på minst 10 år.
- 4.5 Streng praktisering av buplikt på landbrukseigedom skal gjelde heile Kviteseid kommune.
- 4.6 Opne for frådeling av stortomter i LNF-område der spreidd busetjing er tillate.

Delmål 5:

Berekraftig skogbruk med vekt på skogkultur og framtidsskog.

Skog er ein langsiktig produksjon der gevinsten kjem etter 60 - 120 år. For å sikre at det i framtida blir produsert trevirke av god kvalitet, er det viktig at aktiviteten på skogkultursida aukar og at standaren på vegnettet blir oppjustera. Avverkinga bør aukast for å styrke verdiproduksjonen i skogbruket, sikre arbeidsplassar og utnytte ein fornybar ressurs.

Strategiar:

- 5.1 Kommunen skal samarbeide med næringsorganisasjonane (kontaktutvalet for landbruk) for å få ut informasjon til skogeigarane og ved prioritering av bruk av økonomiske fagmidlar for skogbruket (NMSK).
- 5.2 Kommunen skal informere om søknadsfristar og bruken av økonomiske fagmidlar for skog (NMSK).
- 5.3 Næringsorganisasjonane saman med kommunen skal med informasjon og bruk av økonomiske fagmidlar stimulere til ei auka satsing på skogkultur i kommunen.
- 5.4 Stimulere til opprusting og vedlikehald av skogsbilvegane for å bevare tidlegare investeringar og syte for at dei tilfredstiller dei krava som er til vegklassa for den aktuelle vegen.
- 5.5 Aktivt bruk av rentemidlane i skogbruket i samarbeid med kontaktutvalet for skogbruk.
- 5.6 Avverkinga i skogbruket bør aukast til ca 50.000 m³ årleg på grunnlag av skogtilstanden og for å auke verdiproduksjon og behalde arbeidsplassar.
- 5.7 Kommunen skal stimulere til samarbeidsløysingar ved tildeling av tilskot og ved rettleiing der det bidreg til den beste driftsmessige og økonomiske løysinga.

Delmål 6:

Auke verdiskapinga knytt til utmarksutnytting, jakt og fiske

Utmarksnæringar har eit vekstpotensiale. Utleige av jakt og fiske kan vera med å styrke næringsgrunnlaget på bruket. Viltfondet bør brukast aktivt for å styrke viltforvaltninga i kommunen.

Strategiar:

- 6.1 Samarbeid med næringsorganisasjonar.
- 6.2 Informere om tilskotsordningar.

- 6.3 Stimulere til etablering av utmarkslag og utleige av jakt og fiske.
- 6.4 Det bør etablerast eit aktivt samarbeide mellom skogeigarlaget, storvalda og kommunen når det gjeld bruk av viltfondet og forvaltning av viltbestandane.
- 6.5 Det er viktig å etablere forvaltningsstrategiar på tvers av eigedomsgrenser.

Delmål 7:

<i>Stimulere tilutvikling av naturbasert reiseliv</i>

Kviteseid er den leiande reiselivskommunen i Telemark i høve til sysselsetjing. Ved å stimulere til samarbeid mellom turist- og utmarksnæringane vil ein kunne få ein vekst utan store investeringar og som begge partar vil ha nytte av. Utvikling av opplevingstilbod knytt til naturbasert reiseliv krev at kommunen er positiv til ein utvida definisjon av driftshusvære knytt til stadbunden næring i LNF-område.

Strategiar:

- 7.1 Stimulere til å utnytte seterhus ,eldhus og liknande til gardsturisme.
- 7.2 Fremje utvikling av opplevingsprodukt der inntekspotensialet er størst
- 7.3 Godta utleiehytter knytt til utmarksnæring og naturbasert reiseliv i LNF-område
- 7.4 Stimulere til utvikling av hyttefelt eventuelt også med sal av ferdige oppsette hytter.
- 7.5 Hjelpe til med å etablere ei fadderordning for personar som vil starte opp med naturbasert reiseliv.
- 7.6 Etablere samarbeid med destinasjonsorganisasjonar i reiselivet.

4.3 Handlingsplan (tiltak) 2005 - 2006

Tiltak 1: Oppstart av etterregistrering av MiS i Kviteseid

Innhald/kostnad:

Etterregistrering av miljøelement etter MiS-metoden på grunnlag av siste digitale områdetakst i 1999. Ingen kostnader for kommunen/landbrukskontoret utover tid og arbeidsinnsats av skogbrukssjef. Hovudkostnad og avslutning av markarbeid i 2006.

Ansvarleg/samarbeidspartner

Skogbrukssjef / AT-Skog, Kviteseid skogeigarlag og Prevista AS.
Skogbrukssjef er sekretær for MiS-gruppa. Prevista AS er planselskap og ansvarleg for registreringar og plandokument etter at avtale er skrive med MiS-gruppa.

Finansiering:

Kr 150.000 økonomiske fagmidlar skogbruk for 2005. Dette utgjør 60% av kostnadene i 2005. Det er venta at FMLA yter resten av tilskotet for å fullføre registreringa i 2006. AT-Skog betalar eigenandel på 40% for sine medlemmer. Andre som bestiller må betale eigenandel sjølve.

Tiltak 2: Informasjonstiltak om MiS og økonomiske fagmidlar for skogbruket 2005

Innhald/kostnad:

Informasjon til skogeigarar via tilbodsbrief om MiS frå Prevista pluss eige infobrief frå landbrukskontoret som oppfølging. Ope informasjonsmøte i overgangen mai/juni i samarbeid med skogeigarlaget.

Ansvarleg/samarbeidspartner

Skogbrukssjef / kontaktutvalet for skogbruk

Finansiering:

Rentemidlar til dekning av porto og servering og møtelokale.

Tiltak 3: Register legge inn data i hjorteviltregisteret, Kviteseid kommune

Innhald/kostnad:

Hjorteviltregisteret er eit internetbasert saksbehandlarverktøy og datalager i hjorteviltforvaltninga. Verktøyet er fritt tilgjengleg for alle aktørar i hjorteviltforvaltninga. Ingen eksterne kostnader utover tid og arbeidsinnsats utmarkskonsulent.

Ansvarleg/ samarbeidspartar:

Utmarkskonsulent / elgvalda.

Tiltak 4: Informasjonsmøte om nye forskrifter for hald av storfe og forskrift om velferd for småfe

Innhald/kostnad:

I løpet av 2004 og 2005 har det kome nye forskrifter for hald av storfe og om velferd for småfe. Mange husdyrbrukarar i Kviteseid og i vår region har spørsmål omkring dette og korleis dei kan tilpasse drifta etter dei nye forskriftene. Valet står mellom å byggje nytt, lappe på det gamle eller rett og slett avvikle husdyrhaldet på garden. Det siste er eit stort tap for miljøet og for kulturlandskapet.

Ansvarleg/samarbeidspartar:

Jordbrukssjefen i samarbeid med produsenttenesta i Tine, Mattilsynet og lokale næringsorganisasjonar.

Finansiering:

Samarbeid med produsentlagstenesta og landbrukskontora i Vest-Telemark.

Tiltak 5: Prosjekt utmarksbasert reiseliv

Innhald/kostnad:

Samarbeid med AT –Skog med prosjekt utmarksbasert reiseliv. Prosjektet går ut på å utnytte dei ressursane vi har i utmarka til å styrke inntekta på bruka.

Ansvarleg / samarbeidspartner

Landbrukskontoret, utmarkskonsulent, AT – Skog, Kviteseid skogeigarlag og jaktlaga.

Finansiering:

Kostnaden utover tid og arbeidsinnsats av utmarkskonsulent blir dekt av viltfondet.

Tiltak 6: Fornyng av gamal eng, grøfting av vassjuk jord og kartlegging av behovet for nydyrking i deler av Kviteseid kommune

Innhald:

Mykje av den dyrka jorda i Kviteseid er gamal eng. Det er viktig å stimulere til tiltak der ein utnyttar ressursane best mogleg. Utviklinga på traktor- og reiskapssida har ført til større og tyngre utstyr. Oppattgrøfting og nygrøfting er svært aktuelt på mykje av den dyrka jorda somme stader i kommunen. Tiltaket vil m.a. føre til betre ressursutnytting, kortare transport av maskinar og reiskap og betre arrondering. Nydyrking kan vere aktuelt somme stader i kommunen. Det er aktuelt å kartlegge behovet for nydyrking.

Ansvarleg/samarbeidspartnarar:

Landbrukskontoret, Fylkesmannens landbruksavdeling, Forsøksringen Telemark og næringsorganisasjonane i landbruket.